

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6

Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kjerringøy.

Emne: Folkelege musikinstrument

Bygdelag: Os.

Oppskr. av: E. Tidemann.

Gard: Stranda.

(adresse): Kjerringøy.

G.nr. 46 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle og etter heimelsmenn.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Født på Bjærang i Meløy, N.Helgeland den 25.mars 1883.

SVAR

1) I bygda her er lur ukjend musikinstrument. Men i mi heimbygd, Meløy på Nord-Helgeland, råka eg som barn på ein mann som hadde laga til ein lur. Det eg no kan minnest var den luren laga av olderved som to halvpartar og så snara saman med band i heile si lengd. Noko lyøskapande ved munningsenden var der ikkje. Ein hende gong høvde det seg slik at eg skulle få lov til å blåsa på den luren, men eg fekk ikkje lyd i luren og slett ingen tone. Men eigaren spela noko lite, det eg no kan minnest, frå gryan-tonen til ters. Luren hadde han på sæteren. Med den skulle han skrema bjørnen ut av bumarka.

2. Orda Halme og Harpipe er ukjende for meg.

3. Dei ranglene det her er spur om er heilt ukjende for meg.

4. Som unge og som gjætar var eg mykje med og skaut med ymse slag einfelde greider. Såleis dreiv vi ungar mykje med å smella papir på handa. Vi knytte vinstre handa og sette tuppane av tomme og peikfinger mot kvarander. I det søkket la vi papir og daska til med høgge handa. Det smell av og til godt.

Då far tok til å koma heim med papirposar frå krambuda kappast vi ungar om kven som skulle få den tome posen når ho mor hadde koka siste rusineren eller sviskeren. Vi blåste posen full av luft og kneip godt til, heldt den fylte posen i høgge handa og daska han mot den vinstre. Det smell storveges til ~~XXXX~~ hugnad for dei fleste. Men kunne vi fyra av det skotet inn i øyre på tauså eller drengen så dei skaut på ein noko uventa måte, ja, då var "det moro kan du tru". Vi ungar kunne kanskje få oss ein lusing som løn, men det skremde oss ikkje frå å gjera det same opp at når høve gav seg.

Som gjætar dreiv eg mykje med å smella med blommar. Det var blåklokker, tyrihjelm og riddarspore som vart nytta. Var vi fleire som gjætte saman tende vi bål. Då kappast vi om kven som kunne skjota best med gø glør. Vi kara ei av dei varmaste glørne ut av elden, ~~og~~ la gloa på ein stein og ~~XXX~~ daska ~~XXXX~~ snøgt til med ein annan stein. Det smaål bra av og til. Svepesmell er ukjent her for ingen brukar sveipa til hestane. Nøtteskall i elden er og ukjend for her veks ikkje tre med nøtter, korkje eik eller hassel. I min barndom var det skikk og bruk å dundra og skjota i brudlaup, di verre di betre. Dei bruka gamaldagse mundladningskanoner, og skaut så brura dåna. Ei durabel salve måtte gå når bruregrauten vart boren inn, og kunne dei

2.

til å smella med det same brura sette skeia i grautfatet var det det beste. Så lenge kanona og børsa vart bruka til å skjota æreskot for brurfolka vart dei fyra av tett inn til husveggen i brudlaupsgarden eller rett ut for vindauga der brurfolka sat. Då dynamitten løyste av muske= dundra måtte dei lenger frå husa. No var det ikkje berre i brudlaupsgarden at brurfolka vart helsa med salutt, men og på gardane der brurferda drog framom skaut dei 2, 4 eller 6 skot etter som brurfolka skulle bli æra til. Korleis denne skikken er komen fram er det no ingen som kan gjeva noko opplysning om. I mi tid har det i minsto ikkje vore knyta noko tru til skikken, som forresten no er "avgått ved en stille død".

5. Eg kjenner ikkje til at lyder eller ulyder skulle dri= va bort vonde ander, sjukdom eller ulukker, uver eller andre slag meinbøje.

Kjerringøy i oktober 1952

E. Tidemann